

## Hærverk på bil

ÅRDAL: Ein bil som stod parkert i Uravegen har i løpet av natt til søndag blitt utsett for hærverk. Eigaren opplyser at det er skadar på begge sidene, framme og bak på bilen, og at forholdet vil bli meldt til politiet over helga.

## Får positive signal

BALESTRAND: Steinar Bale har søkt om å dela frå det gamle våningshuset på sin eigedom 10/36 på Bala i Balestrand sentrum. Eignedomen som er søkt frådelt er på kring 300 rutemeter. Eignedomen ligg i bustadområde i kommuneplanen, arealdelen, og i landbruksområde i gjeldande reguleringsplan for Bala.

Både deling og bygging til bustadforemål i dette området krev etter kommuneplanen reguleringsplan. Rådmannen tilrår at kommunen gjev Steinar Bale dispensasjon frå plankrav i Kommuneplan for Balestrand kommune, arealdelen 25.03.2010 til frådeling av eigedom med påståande hus til bustadfore-

mål i samsvar søknad. Dette vert grunngeve med at frådelinga er kurrant og i samsvar med kommuneplanen, arealdel og kommunen sine målsetjingar i bustadpolitisk plan om å leggje til rette for fleire og ulike bustadeigedomar.

# Unikt lagspel for psy

Formell avtale    Dreg lasset saman    Store mål

**SOGNDAL: Eit heilt spesielt samarbeid på tvers av kommunegrensar og fagmiljø skal gjera Sogn best i landet på psykisk helse blant born og unge.**

Det er store mål å setja seg, men dei ulike aktørane som før helga undertekna samarbeidsavtalen er skjont samde om at den markerer startskotet for ein felles front som kjem svært mange til gode, ikkje minst born og unge.

### Forvaltar formuen

Representantar for Sogn regionråd, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Utdanningsforbundet, Regionalt kunnskapssenter for born og unge og HEMIL-senteret ved Universitetet i Bergen har alle sett sine namnetrekk på ein avtale som har til hovudformål å betra arbeidet med psykisk helse retta mot born og unge, spesielt i barnehage og skule.

– Det har noko med korleis me forvaltar formuen vår – altså born og unge, seier lustraordførar Ivar Kvalen, som er regionrådet sin mann i prosjektet.

### Mange slit

Han seier psykisk helse blant

born og unge er ei sak som opptek regionrådet på fleire område.

– På trass at mange har det i utgangspunktet bra og prestere godt på skulen, er det mange som slit med depresjonar og sjølvbilette og fleire andre ting. For meg personleg er det ei viktig politisk sak når me ser at så mange som kvar femte skårar dårleg på dette, seier han.

### Vil bli best

– Oppsida er enorm viss me lukkast med dette. For ei tid attende fekk me framlagd tal frå NAV på at så mange som ein tredjedel av alle i arbeidsfør alder står utanfor arbeidslivet av ein eller annan grunn, det er vanvitig store tal. Det er mange lagnader. Difor håpar me at Sogn kan vera ein føregongsregion også på dette området – me er jo best på skule, no vil me bli best på psykisk helse. Det er målet mitt, slår Kvalen fast.

### Spelar på lag

– Meininga med avtalen er å styrkja lagspellet og utvikla felles og utfyllande ferdigheiter.

Det handlar om å spela på lag med andre aktørar for å oppnå felles mål. Akkurat det siste har Sogn regionråd gode røynsler med, ikkje minst gjennom partnerskapsavtalen med NAV, Utdanningsforbundet og Høgskulen om prosjektet «Sats

på barnehagen – snu Sogn» frå 2010.

### God røynsle

Høgskulerektor Åse Løkeland peikar på nettopp dette når ho meiner det er gode føresetnader for å lukkast.

– Dei ulike aktørane har tillit til kvarandre og har oppnådd å lukkast med slikt før i høve til Sats på skulen – Snu Sogn. Då er det no å gå laus på nye utfordringar i lag etter same modell som har synt seg å virka. Og så er det sjølv sagt svært interessant med nye koplingar til HEMIL-senteret og RKBV Vest. Det handlar om utdanningstilbod, men også om forskning, seier ho.

### Felles modell

Mellom dei viktigaste satsingsområda i denne avtalen er det å styrkja det psykososiale lærings- og utviklingsmiljøet i barnehagar og skular, noko som kan komma alle born og unge til gode.

Vidare er det å arbeida med planverktøy og utvikla ein felles modell for arbeidet og utvikla det tverrfaglege samarbeidet mellom barnehagane, skulane, barnevernet, PPT og helsestasjonane. Også kompetansehevande tiltak for personalgruppene på dei ulike arbeidsplassane står høgt på dagsordenen.



UNIK AVTALE: Rektor ved høgskulen i Sogn og Fjordane, Åse Løkeland, under senteret ved Universitetet i Bergen. Lustraordførar Ivar Kvalen og leiar ved Regionarskapsavtalen.

### Nye studietilbod

Eit av måla er å utvikla eit studietilbod om psykisk helsefremjande arbeid i regi av høgskulen, slik at personalet får høve til å ta formell og poenggejvande utdanning.

– Til sjuande og sist handlar det også om å auka medvitet hjå personale i skular og barnehagar om kva ansvar og moglegheit desse institusjonane har i å styrkja barn og unge si psykiske helse, heiter det i avtalen.

### Må eigast

Anne Siri Bentsen i Utdanningsforbundet seier det å vera oppteken av at barn og unge har det godt i barnehage og skule er eit av samfunnsoppgraga til lærarane.

– Lærarar jobbar med dette i læringsmiljøet kvar einaste dag, men me ser at mange etterspør meir systematikk og at det blir etablert rutinar, ikkje minst på det førebyggjande pla-

net og ikkje det reint akutte. Me er først og fremst opptekne av at dette arbeidet no må forankrast i kommunane, at det blir forankra og eigd i kvar kommune, for det er der arbeidet må gjerast, seier Bentsen.

### Stressa av skule

– Blant tiandeklassingane våre er det alt for mange som får psykiske problem. Forsking syner at mange opplever det som så stressande å gå på skulen at det går utover den psykiske helsa.

Me kan ikkje ha ein skule som utset ungene våre for den type press, då må me tenkja annleis, ikkje berre i høve til psykisk helsearbeid, men også på andre område, er konklusjonen.

Hanne Stedje  
hanne@sognavis.no

Bruk tida di rett!

## Lat oss gjera jobben!

Som du vil ha det

Me har flinke fagfolk som kan hjelpa deg med

- Utvendig vask og maling av hus
- Legging av teppe og golvbelegg, våt- og tørrom
- Tapetsering
- Sliping og lakkbehandling av golv
- Solskjerming
- Gardiner
- Lettare snikkararbeid

23 års erfaring

Kontakt oss for eit uforpliktande tilbod.

**T.Frækaland**  
**Målarservice AS**

- Gratis parkering

Nestangen | Sogndal | Tlf: 57672652  
Hans-Ivar Frækaland 905 80 746 | Hege Frækaland 481 30 554 | Terje Rishovd Marøy 91119597  
Malle Aaberge 991 07 565 | Tommy Strøm Sørensen 46848286 | Svann Arild Auset 916 63 036





## Øren på andre plass

**LÆRDAL:** Nominasjonsnemnda føresler ei liste som inneber ei fornying i fylkespolitikken. Halvor Halvorsen frå Flora er Venstre sin fylkesordførarkandidat. Marianne Øren (biletet) frå Lærdal, er sett på andre plass. Ho har vore kommunestyrerepresentant i Lærdal i to periodar og vara til fylkestinget i inneverande periode. Ho er sjukepleiar av yrke. På dei neste plassan på lista finn me: 3. Gunnhild Berge Stang frå Fjaler, 4. Daniel Gangaskar frå Vågsøy/Unge Venstre, 5. Alfred Bjørlo frå Eid, 6. Trude Risnes frå Leikanger.



# Mykisk helse



teiknar avtalen saman med Anne Siri Bentsen i Utdanningsforbundet (t.v.) og professor Bente Wold ved HEMIL-onalt kunnskapssenter Barn og Unge Vest, Reidar Jakobsen sette også sine underskrifter på den viktige part-

## Mykje lærdom for mange andre

**SOGN DAL:** Samarbeidsavtalen er unik på fleire måtar, ikkje minst i høve til forskning.

Det er mellom konklusjonane som vert dregne etter seansen i kommunestyresalen før helga. Leiar Reidar Jakobsen ved Regionalt Kunnskapssenter Barn og Unge Vest, Uni Research Helse, seier det er fyrste gong han ser eit så tydeleg initiativ frå kommunalt hald.

### Tydeleg initiativ

– Det er første gong eg er med på å skriva under ein slik samarbeidsavtale som kjem etter fleire års arbeid, der kommunane tek eit tydeleg initiativ, og der det blir jobba saman

på tvers av mange kommunar. I ei slik setting har RKBU moglegheit for å byggja opp- under og støtta dette arbeidet på ein annan måte enn om det hadde vore eit einskild initiativ frå ein einskild aktør, anten kommune eller institusjon, seier han.

### Dreg lasset saman

– Det er mange som ønskjer å få til ting og som jobbar veldig godt, men som kanskje går litt i beina på kvarandre, og dermed ikkje får til alt dei kunne fått til om dei hadde gått saman. Det at Sogn regionråd no går inn for dette, med HEMIL-senteret, RKBU Vest, Høgskulen og dei andre partane, er ein ny måte å trekka saman på, i staden for kvar for seg.

– Det er også litt unikt her.

På den måten kan me utfylla kvarandre i arbeidet, seier han.

### Nyttig lærdom

Jakobsen peikar på at høgskulen til dømes kan ta mykje av dette arbeidet inn både i grunnutdanningane og etterutdanningane dei har, medan RKBU på si side kan trekkja det opp mot forskning og skapa ny forskning.

– Ein av dei viktigaste grunnane til me tykkjer dette er spennande og kan bidra aktivt inn, det er viktig for oss å hjelpa kommunane til å dokumentera dei gode tinga dei gjer, slik at andre kan læra av det. Ved å lata det som kjem fram her bli dokumentert på ulike nivå, gjer at andre kan ta nytte og lærdom av det som blir gjort, seier han.

NYHET!  
Superenkelt  
middagsplanlegging



Alltid en  
middagsfavoritt



Karbonadeideig  
Gilde, 400 g, 129,75/kg

Alltid tre tips



Rimi lanserer middagsfavoritter

Med Rimis nye middagsfavoritter blir det enkelt å handle og lettere å variere til middag.

Last ned RimiPluss-appen, eller få oppskriften i butikken.

Rimi

Vi hjelper deg med middagen

Prisene gjelder t.o.m 18.10.14